

Til Alver kommune.

Søknad om frådelling av landbruksareal frå gnr. 305 bnr. 7. Fløksand.

Syner til brev frå kommunen dagsett 15.09.22 med trong for tilleggsopplysningar.

Dykkar ref: 22/577- 22/71004.

1. **Søknad om dispensasjon frå bygge-og delingsgrense mot sjø for teigen på sørsida av Fløksandvegen.**

Frådelinga det er søkt om, er at landbruksdelen av bnr. 7 skal overførast til nabobruket. Drifta og arealbruken vert ikkje endra i høve til nåverande bruk. Dvs. at frådelt areal framleis skal vera landbruk. Einaste endringa er at arealet får ny eigar og nytt bruksnummer.

Kart over arealet med byggjegransa/ delegrense mot sjø har kommunen synt som kartutsnitt i sitt brev datert 15.09.22.

Det vert med dette søkt om dispensasjon frå Byggje/delingsgrense mot sjø for frådelling av dette arealet.

2. **Søknad av utvida bruk av eksisterande avkøyring frå Kommunal veg (Fløksandvegen)til areala.**

I samsvar med kravet framsett i brevet om tilleggsopplysningar, har ein sendt søknad til kommunen om løyve til utvida bruk av nåverande avkøyringar til areala. Søknaden er sendt elektronisk.

Vedlagd føl kart der avkøyringane er markert med A og B.

Vonar at dette kan tilfredstilla dei ynskjer kommunen har sett fram i kravet om tilleggsopplysningar i brev av 15.09.22.

Frekhaug 19.09.22

For Terje Fløysand,

Jens H. N. Bjordal.

Ansv. Søkjar.

